



Korleis kan/bør vi ivareta terminologi og fagspråk i norsk industri og næringsliv?

Magnar Brekke

Institutt for fagspråk og interkulturell kommunikasjon
Noregs handelshøgskule (NHH)

Summary

“Looking after Norwegian special language and terminology in trade and industry”

It is argued here that the challenge posed by globalization, with English as its principal communication medium, requires decisive and defensive action on behalf of Norwegian special language and terminology, and that such action should be coordinated by the new Language Council and financed at governmental level. The presentation aims to pinpoint specific initiatives required to meet the challenge, starting from the consolidation and further development of textual and lexical language resources along with the infrastructure required for their maintenance and dissemination. A substantial amount of user/client involvement is envisaged as well as domain expert/linguist interaction. To match the basic state funding a number of revenue sources are suggested, such as organizing a non-profit corporation with public and private sector shareholders, subscription schemes, terminological web-hosting, phone-based oracle services, printed glossaries etc., while the WWW will remain the chief distribution channel. In conclusion, the best way to ensure the future of Norwegian special language and terminology in trade and industry is to make sure it is instantly available where and when the user needs it. The general concept is illustrated through a glimpse of KB-N (KnowledgeBank of Norway), an ongoing project at NHH’s Center for LSP Research.

0. Innleiing

Spørsmålet eg har fått som tema for dette innlegget, kviler på ei rekke premissar som det ikkje er rom for å drøfta innanfor den tilmalte ramma. Eg vil likevel presisera at det dreiar seg om norsk, og at terminologien for meg utgjer kardinalpunktet i den kunnskapsrepresentasjonen som fagspråket utgjer og formidlar. Eg vil argumentera for at den beste måten å “ivareta” denne språklege kulturen på, uansett sektor, er den same som gjeld for vår materielle kultur: gjennom bruk, ikkje gjennom bortgøyming i ei eller anna samling. Dette impliserer at norskspåkleg terminologi må knytast til internasjonal fagkommunikasjon via ekvivalenter på dei store europeiske språka (men primært engelsk).

Det korte og sjølvinnlysande svaret på spørsmålet blir dermed slik: Vi kan/bør ivareta norsk fagspråk gjennom å gjera relevant fagtekst og terminologi tilgjengeleg når brukaren treng han. Eg vil i det følgjande ta fram og sjå litt nærmere på viktige moment som må vera med i det meir detaljerte og fyldige svaret. I hovudsak dreiar det seg om:

1. etablering og utbygging av infrastruktur og ressursar tufta på kvalitetsmateriale
2. fagleg og teknisk vedlikehald og oppdatering
3. forretningsidé og distribusjon
4. nasjonal organisering og fagleg forankring

1a. Infrastruktur og ressursar

Når det gjeld etablering og utbygging av infrastruktur og ressursar, startar vi sjølvsagt ikkje på bar bakke, noko som den store utgreiinga om Norsk språkbank til overmål gjer tydeleg,

men materialet er svært heterogent og er underlagt uklare eigedomstilhøve. I tillegg forvirrar det meste svært raskt fordi det ikkje blir halde vedlike og utvikla vidare, og fordi kompetansemiljøa går i opplysing. Etter mi mening treng vi ikkje leita etter argument for at eit lite og marginalt språksamfunn som det norske må ta dei politiske grepene som skal til for å koma på offensiven her – men ingen må tru at ein slik innsats vil kunna bli bedriftsøkonomisk lønsam. Dette kjem eg tilbake til under punkt 4.

1b. Tekstbasert fagkunnskap

Infrastruktur og ressursar må vera tufta på kvalitetsmateriale, autentisk, kvalitetssikra, kalibrert og langt på veg standardisert. I praksis snakkar vi her om fagkunnskap som er manifestert gjennom tekstmateriale. Ved sida av den tradisjonelle ekspereringa av termer frå trykt tekst har det vakse fram datamaskinelle metodar for termekstrahering frå elektronisk tekst (som ein gjerne kallar “korpus”). Dei to teknikkane utfyller kvarandre og dannar til saman grunnlaget for eit volum av tilgjengeleg tekst og terminologi som for eit par tiår sidan var uoppnåeleg. Dette krev i neste omgang at vi definerer tydelege rammevilkår for den aktuelle innsamlinga av ressursar til det som i realiteten blir ein fagleg kunnskapsbank:

- Tekstgrunnlaget må vera aktuelt, relevant, og variert. Dermed har vi òg sagt at innsamlinga ikkje er gjort ein gong for alle, men må vera ein kontinuerleg prosess. Det har synt seg vanskeleg å oppfylla strenge krav om “representativitet”, både statistisk og på andre måtar, men i det minste må vi krevja at eit tekstkorpus er “balansert”, dvs. at det ikkje openbertyr over- eller underrepresenterer sentrale fagdomene.
- I tråd med god terminologisk skikk bør det utarbeidast omgrepssystem som grafisk eller på annan måte får fram viktige relasjonar innan større eller mindre delmengder av domenekunnskapen. Slik skapast fagleg forankring for fleirspråklege tempostar og for definisjonar av sentrale omgrep, og med det eit fundament for vurdering av termsynonymi, fleirspråkleg ekvivalens o.l.
- Termmaterialet bør oppfylla etablerte krav til slik representasjon:
 - norske og framandspråklege (minimum engelske) ekvivalentar med markering av status som godkjend/ikkje godkjend/frårådd o.l.
 - markering av fagområde/domene, viktige bruksmåtar (kollokasjonar) o.l. Her bør det også vera rom for “kundetilpassing” der tunge brukarmiljø (t.d. Aker, Statoil, Orkla) markerer sine preferansar mellom alternative termar.
 - innføring av variantar, spesielt akronym, kodar og andre forkortinger m.m.
 - koplinga mellom term og tekstgrunnlag må takast vare på og vera tilgjengeleg slik at ein sikrar dokumentasjon av fagspråklege bruksmønster.

Ikkje alle kjenner til at det faktisk eksisterer elektronisk “avleveringsplikt” til Nasjonalbiblioteket, for all tekst (også fagtekst) publisert på norsk. Eit elektronisk tekstslager er ikkje nødvendigvis identisk med det korpusgrunnlaget som trengst i vår samanheng, men i alle tilfelle eksisterer det her eit substansielt fundament for utvikling av ein tekstbank. Arbeid med opphavsrettlege spørsmål er innfløkt og tidkrevjande, men det er viktig å få fram at den aktuelle bruken av materialet gjeld sekundære eigenskapar ved teksten, ikkje teksten som primærtekst.

2. Vedlikehald og oppdatering

All røynsle syner at kontinuerleg fagleg og teknisk vedlikehald og oppdatering av ein slik fagleg kunnskapsbank er avgjerande for at dei investerte ressursane ikkje skal missa, men tvert imot auka sin verdi med tida. Fleire element er viktige her:

- Brukarmedverknad, både i oppbyggings- og driftsfasen, slik at substans og form heile tida i stor grad samsvarar med dei behov og forventningar brukarane har.
- Fagmiljø (gjerne virtuelle) med faglege referansegrupper der ekspertar innanfor fagkommunikasjon, kunnskapsforvalting, terminologi og domenekunnskap sikrar kvalitet og relevans i alt materiale.
- Eit stabilt driftsmiljø som sikrar driftsstabilitet, vedlikehald og teknisk oppdatering over eit langt tidsperspektiv.

3. Forretningsidé og distribusjonsmåtar

Utan eit økonomisk grunnlag kan ein slik fagleg kunnskapsbank for norsk sjølvsagt ikkje realiserast. Som alt nemnt har eit lite språksamfunn som vårt ikkje grunnlag for bedriftsøkonomisk lønsam drift, men det finst interessante døme, spesielt i Norden (eg viser til TSK i Finland og TNC i Sverige), på at ein kombinert modell med solid statleg finansiering og sterke medspelarar i næringslivet kan la seg gjennomføra, sjølv om konkursar ikkje er ukjende på dette området heller. Nedanfor presenterer eg ei tentativ liste med “strøtankar” omkring organisasjonsmodell og distribusjonsformer som ikkje utelukkar kvarandre, men som samla sett vil kunna generera inntekter som supplement til ei statleg grunnløyving utan å virka urimeleg dyrt for den einskilde brukaren:

- “Aksjeselskap” utan utbyteutdeling, men med styrerepresentasjon. Aktuelle eigarar er t.d. visse departement, statsinstitusjonar (spesielt i kunnskapssektoren), bransjeorganisasjonar, forlagsindustrien og storkonsern.
- Abonnementsordning, for store og små. Her tenkjer eg særleg på “små og mellom-store bedrifter” (særleg innan eksportnæringane), translatørbyrå, private translatørar o.l.
- “TermHotell” på Verdsveven (WWW), der brukarane avleverer og oppdaterer sine interne termlister med tilhøyrande tekstdokumentasjon og får vedlikehald av materialet sitt med tilgang for forfattarar, tekstforfattarar, translatørar o.l.
- “Hallo i luken” orakelteneste på telefon (t.d. kr 9,63 per minutt, kr 2 per sms-term).
- Nedlasting av tospråkleg domeneglossar til C-Pen-type studieassistanse, kanskje i kombinasjon med trådlaus PC.
- Trykt tospråkleg domeneglossar i små opplag, ofte oppdatert (“print-on-demand”). Det er lite truleg at behovet for slike trykksaker vil bli heilt borte.
- Søkerute opp til venstre/høgre på alle PC-skjermar (jf. Google) i eit bedrifts- eller institusjonsnettverk
- osb.

4. Organisering og fagleg forankring (“Kven har ansvaret?”)

Eg har alt peika på argument som tilseier at ivaretaking av norsk terminologi og fagspråk i all hovudsak er ei nasjonal oppgåve som krev solid og langsiktig statleg finansiering. Så langt har ikkje Stortinget vore villig til å ta på seg dette ansvaret, jf. framlegg om Norsk språkbank med prislappen 100 millionar kroner, som ikkje eingong vart nemnt i siste års statsbudsjett, etter å ha havarert tre år på rad.

Eg trur difor vi må starta i ein litt annan ende, ikkje med ein fullskala språkbank, men med sikring av norsk terminologi og fagspråk som konkret siktet mål, og med alt eksisterande ressursar og infrastruktur som utgangspunkt. Første punktet på ein slik dagsorden bør vera å etablera ein norsk terminologiportal på Verdsveven, som inngang til og framsyning av det som trass alt finst av fagspråklege og terminologiske ressursar. Det reorganiserte Språkrådet med si nyleg presenterte strategimelding *Norsk i hundre!* legg ned ein glimrande satsplanke for eit nytt initiativ, slik at vi kan berga saka ut av *bacon/beiken*-diskusjonen og problemet med nynorsk i *Dagbladet* og skapa eit skikkeleg løft for norsk språk på dei områda der det verkeleg er truga av det globale kommunikasjonssamfunnet.

Mitt framlegg er:

- Språkrådet tar styringa, med operasjonelt ansvar delegert til ei formålstenleg avdeling som inviterer kompetansemiljøa til konkret planlegging med sikte på å skaffa statleg/privat finansiering og til fagleg arbeid/samarbeid/arbeidsdeling mellom t.d.
 - UH-sektoren
 - offentleg forvalting
 - bransjeorganisasjonar
 - publiseringssindustrien
 - forfattarar og omsetjarar
 - translatørbyrå
 - storbrukarar
- Språkrådet er alt norsk representant innan nordisk termsamarbeid på dei aktuelle fagfelta. Dette bør utvidast, ikkje berre for å læra av dei andre, men òg for saman med dei å dra nytte av den sams språkarven (t.d. ved utveksling og koordinering av ressursar).
- Tilsvarande gjeld internasjonalt samarbeid, spesielt EU, der norsk terminologi glimrar med sitt fråvere innan alle dei store fleirspråklege terminologisamlingane.

5. Konklusjon

Ovanfor har eg skissert ein modell for å ivareta det nasjonale ansvaret som eg hevdar eksisterer, for at norsk skal unngå domenetap og også i framtida skal kunna vera ein tenleg reiskap for representasjon og formidling av spesialisert fagkunnskap, og for kvalitetssikring av grenseflatene mot det utanlandske kunnskapssamfunnet. Slik kan vi ivareta både det nasjonale og det internasjonale perspektivet og sikra at våre heimlege verdiar kan vekslast inn i gangbar mynt der ute. Eg meiner å ha påvist at dette nasjonale ansvaret ligg på bordet framfor det nye Språkrådet og ventar på ein plass høgt på dagsordenen.

6. Avrunding

Som avrunding vil eg no gi nokre glimt (sjå appendiks nedanfor) av KB-N (*KunnskapsBank for norsk økonomisk-administrativt domene*), eit forskingsprosjekt som eg leier ved Noregs handelshøgskole, og som i tre år har fått midlar innanfor Forskningsrådets KUNSTI-program for språkteknologisatsing, i samfinansiering med NHH og i teknisk samarbeid med Aksessenteret ved Universitetet i Bergen. Blant mange andre tilnærningsmåtar representerer KB-N eit konkret døme på korleis hovudtanken eg har argumentert for ovanfor, kan implementerast i praktisk arbeid med tekstbasert fagspråk og terminologi og vidareutvikling av teknologi som reiskap for forsking og formidling av forskingsbasert kunnskap.

Litteratur

- Innset, Kai /Brekke, Magnar (2004) KB-N (KunnskapsBank for Norsk økonomisk-administrativt domene): Et korpusbasert terminologiprojekt. *SYNAPS* 15. 1-19.
- Nordgård, Torbjørn /Svendsen, Torbjørn /Breivik, Torbjørg (2002) *Samling og tilgjengeleggjering av norske språktaknologiressursar*. Oslo: Norsk språkråd.

Appendiks: KB-N: hovudarkitektur og grensesnitt

- to “parallelle” tekstkorpora
 - engelsk domene-tekst
 - norsk domene-tekst (>Norsk språkbank)
 - representativ tekst frå om lag 30 subdomene
 - originaltekstar frå same subdomene og sjanger
 - separat parallelkorpus av omsette tekstar (kjelde+mål)
- tospråkleg termbase etablert gjennom (halv-)automatisk termekstraksjon frå engelsk og norsk korpus
 - dynamisk lenkje til tekstkorpussen via konkordans
 - konstruksjonar, kollokasjonar, fraseologi frå konkordans
- omgrepssystem
 - kunnskap i “stykkgodsform”
 - hierarkiske nivå basert på logiske relasjonar
 - ontologiske relasjonstypar: partitiv, temporal o.l.

KB-N-Termbase-vinduet med omgrepshierarki

The screenshot shows the KB-N Termbase application running in Microsoft Internet Explorer. The main window has tabs for 'Begrepssstruktur' and 'Ekserperte termer'. The 'Ekserperte termer' tab is active, displaying a search interface with a sidebar for 'Søk' (Search) and 'Ordbok' (Dictionary). The search results show a tree structure for the term 'standard'. The right pane displays detailed information for the selected term 'hvd' (International accounting standard), including its definition, references, and a history section.

KB-N-Korpus-basen: administreringsvindu

The screenshot shows the KB-N Corpus Administration interface in Microsoft Internet Explorer. The main window has tabs for 'Oppdater' and 'Hjemmeside'. The 'Oppdater' tab is active, showing the 'Administreringsside for korpus kbn-nob'. It displays various metadata fields such as 'Navn', 'Antall dokumenter', 'Størrelse', 'Antall ord', 'Grammatisk tagger', 'Sist generert', 'Status', and 'Konkordanse'. On the right side, there are sections for 'Redigering' (editing), 'Filinfo' (file information), 'Dokumentinfo' (document information), and 'Publisering' (publishing). A 'Kilde' (source) section is also present at the bottom right.